



VINDAFJORD
KOMMUNE

Kvalitetsplan SFO

Vindafjord kommune 2026- 2030



Innhald

Innhald	2
Ansvar og vedtekter	3
Mål og verdigrunnlag	3
Bakgrunn og forankring.....	3-4
Leik	5
Kultur	6
Fysisk aktivitet og rørsleglede	7
Måltid og måltidsglede	8
Sosial kompetanse.....	8
SFO i Vindafjord kommune.....	8
Gratis kjernetid.....	8



Ansvar og vedtekter

Hausten 2021 vart det vedteke ein nasjonal rammeplan for SFO,

[Rammeplan for SFO | udir.no](https://udir.no)

Vindafjord kommune eig og driv skulefritidsordninga ved alle grunnskulane i Vindafjord i tråd med krava i Opplæringslova § 4-5. vedtektene er å finne på Vindafjord kommune si heimeside under fana SFO. (Ny forskrift om SFO vedtatt (KS 007/25) 13.02-25)

I kommunal SFO er rektor/ einingsleiar leiar.

Mål og verdigrunnlag

Rammeplan, gjeld for arbeidet i skulefritidsordninga (SFO). SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn. Dette følger av Opplæringslova § 4-5.

Rammeplanen har status som forskrift med heimel i Opplæringslova § 4-5, og gjeld for skulefritidsordningar som er omfatta av denne avgjersla. Kommunen eller den kommunen bruker til å oppfylle sin plikt etter opplæringslova § 4-5, har ansvaret for at SFO drives i samsvar med gjeldande regelverk.

Rammeplanen gir rom for lokale variasjonar, satsingar og planer. For å sikre eit heilskapleg perspektiv på barnas oppvekst og utvikling bør SFO og skule samarbeide tett. Når SFO er knytt til skular, skal rektor/einingsleiar til vanleg vera verksemdsleiar, jf. Opplæringslova § 4-5. Planen er forpliktande og kan sikre eit meir likeverdig og kvalitetsmessig godt tilbod for alle barn, uavhengig av kvar dei bur.

SFO skal vera ein trygg og inkluderande arena der barna får utvikle seg gjennom leik, samspel og varierte aktivitetar. Målet er å fremja trivsel tryggleik og allsidig utvikling. Vera ein arena for inkludering, medverknad og fellesskap.

Rektor/einingsleiar kan delegere oppgåver til ein som får ansvar for den daglege drifta av SFO.

Bakgrunn og forankring

Samarbeidsutvalet, SU ved skulen/oppvekstsentra er den lokale styringsgruppa for skulefritidsordninga. Når SFO- saker blir handsama, blir SU supplert med koordinator i SFO.

Alle SFO`ar i Vindafjord set utøving av vaksenrolla og barnet si stemme høgt. SFO skal byggje sin praksis på grunnleggjande verdiar som er felles i formålsparagrafen til barnehagen i opplæringa. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle deler av arbeidet i SFO, og prege innhaldet og arbeidsmåtane. Barnekonvensjonen artikkel 12, gir barnet rett til å sei si meining og å bli lytta til. Artikkel 12 skal fremja barnets beste, dette er og nedfelt i Opplæringslova § 12-1. Der står det at elevane skal bli engasjert i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet for helse, miljø og sikkerheita ved skulen. Det gjeld og SFO.



All påmelding skjer digitalt via Visma flyt skole, der du som føresette logger seg inn elektronisk.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barna etter alder og funksjonsnivå.

SFO skal leggje til rette for god samhandling i barnegruppa, mellom kvar einskild barn og mellom vaksne og barn gjennom innhald og arbeidsmåtar. Dei skal ha eit helsefremmande innhald. Dette krev og eit areal som både passar barnegruppas alder og føresetnader.

SFO bør leggja til rette for aktivitetar både inne og ute. Tida på SFO skal gi barna gode opplevingar som er med på å støtte deira utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet.

Innhaldet i SFO skal legge til rette for samarbeid og utvikle vennskap.

Det er SFO sitt ansvar å ivareta barnas tryggleik og sikkerheit på nett og at reglar for personvern følges ved bruk av digitale ressursar. Bruk av digitale ressursar må skje på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte og slik at det kan stimulere barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling.

SFO skal ivareta barnas interesser og introdusere nye aktivitetar som er tilpassa den einskilde barnegruppa. I tillegg kan SFO samarbeide med kulturskule, lokale lag, foreiningar og organisasjonar for å gjennomføre og organisere innhaldet og aktivitetane.

SFO skal og vera bevisst på å unngå aktivitetar som kan verka ekskluderande på kvart enkelt barn, til dømes på grunn av økonomi, særskild tilrettelegging og språkleg eller kulturell bakgrunn. SFO skal vurdere korleis tilbodet kan tilpassast for å vera mest mogleg inkluderande. Tilnærminga i SFO skal vera ein annan enn i skulen, der ein legg særleg vekt på sjølvvald leik og anna barnestyrt aktivitet.




Leik

Leik skal vera ein sentral del av kvardagen i SFO, der barna får utfalde seg fritt, utvikle sosiale ferdigheiter og oppleve meistring gjennom både frileik og organisering leik i trygge og stimulerande omgjevnader.

Leiken skal ha stor plass i SFO, og ungane skal ha tid og rom til leik kvar dag. SFO skal leggja til rette for og støtte opp om, at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.

Dei vaksne skal vera aktive medspelarar og støttespelarar i leiken, dei skal observera og støtte barna i utviklinga av leikekompetansar. Dei skal respektere barna sin eigenleik og ikkje styre leiken viss det ikkje er naudsynt, men heller vera tilgjengelege og opne for å delta når barna ønskje det. Leiken skal vera prega av inkludering, glede og utforsking, og bidra til at barna oppleve kvardagen i SFO som meningsfull og lystbetont.





Kultur

SFO skal vera ein arena der barna får møte ulike kulturuttrykk og tradisjonar, og der dei sjølve får høve til å uttrykke seg kreativt gjennom musikk, drama, kunst og forteljing.

I tråd med Rammeplanen for SFO skal tilbodet spegle og verdsetja det kulturelle mangfaldet i barnegruppa. Barna skal få oppleve at deira bakgrunn og erfaringar blir anerkjende og inkluderte i kvardagen. SFO skal og bidra til at barna møter samisk kultur. Dette fremjar respekt, toleranse og forståing for ulikskap og legg grunnlag for eit inkluderande fellesskap. Kultur i SFO handlar og om den sosiale kulturen- korleis ein snakkar med kvarandre, korleis ein samarbeidar, og korleis ein byggje relasjonar. Dei vaksne i SFO har ein viktig rolle i å forme denne kulturen, gjennom haldningar, språk og handlingar. Dei skal vera tydelege rollemodellar og bidra til eit miljø der alle barn kjenner seg velkommen og verdsette.





Fysisk aktivitet og rørsleglede

Gjennom varierte og tilpassa aktivitetar skal SFO fremje fysisk aktivitet og rørsleglede, slik at barna opplever glede ved å vere i rørsle og utviklar god kroppskontroll og motoriske ferdigheiter.

Fysisk aktivitet i SFO skal vera inkluderande og tilpassa. Det betyr at alle barn skal kunne delta, uavhengig av funksjonsevne eller erfaring. Aktivitetane kan vera både spontane og planlagde, inne, ute og bør inkludera:

- Frileik i natur og leikeplass
- Organisert leik- og idrettsaktivitetar
- Dans, hinderløyper og rørsleleik
- Turar og utforsking i nærmiljøet

Dei vaksne har ei viktig rolle i å inspirera, støtte og delta i fysisk aktivitet saman med barna. Dei skal vera med å skape eit miljø der det er trygt å prøve, feile og lukkast- og der alle barn kjenner meistring og glede ved å vera i rørsle.





Mat og måltidsglede

Måltida i SFO skal vera prega av fellesskap, gode matvanar og trivsel, der barna får delta i førebuing og utvikle eit positivt forhold til mat og helse.

Mat og måltid er meir enn berre næring- det er ein viktig del av kvardagen på SFO og ein arena for trivsel, fellesskap og læring. I følgje Rammeplan for SFO skal måltida bidra til å fremja omsorg, tryggleik og sosialt samspel, og vera prega av måltidsglede og god vanar. Personalet skal bidra til å skape gode rammer rundt måltidet, og i å støtte barna i å utvikle sosiale ferdigheiter, som å vente på tur, vise respekt og bidra til fellesskap.

Gjennom måltida kan barna lære om:

- Matkultur og tradisjonar
- Hygiene og helse
- Berekraft og miljøbevisstheit, til dømes å redusere matsvinn

Rammeplanen legg og vekt på medverknad, også når det gjeld mat og måltid. Barna kan vera med på å:

- Dekke bord og rydde etter måltid
- Lage enkel mat eller delta på mataktivitatar
- Snakke om kva dei likar og ønskje

Dette er med på å styrke barna si meistringskjensle og ansvarskjensle, og gir rom for skaparglede og utforsking.

SFO skal ta omsyn til allergiar, kulturelle og religiøse matvanar, og sikre at alle barna kan delta i måltida på ein trygg og inkluderande måte. Måltida skal vera tilpassa barna sine behov og bidra til god helse og utvikling.





Sosial kompetanse

Barna sin dag skal vera prega av tydelege grenser og reglar. Det bygger på dei same reglane som skulen og kommunen har utarbeidd. Sosial kompetanse er ein viktig del av arbeidet på skulefritidsordninga (SFO), og ein viktig føresetnad for trivsel, inkludering og læring. I SFO skal barna få utvikle ferdigheiter som empati, samarbeid, sjølvregulering, ansvar og respekt for andre. Dette skjer gjennom lek, relasjonar og daglege aktivitetar i eit trygt og støttande miljø. SFO skal vera ein arena der barna får øve på å vera ein god ven, løyse konflikhtar på ein konstruktiv måte og kjenne seg som ein verdifull del av fellesskapet. Tilsette i SFO har ein viktig rolle som trygge vaksne, rollemodellar og rettleiarar. Dei skal støtte barna i å utvikle gode relasjonar, fremja positiv samhandling og bidra til eit inkluderande miljø der alle kjenner seg sett og høyrte.

Arbeidet med sosial kompetanse skal vera systematisk og forankra i både planlegging og praksis. Det inneber:

- Å skape struktur og forutsigbarhet i kvardagen
- Å bruke lek og aktivitetar som arena for sosial læring
- Å ha fokus på språk og kommunikasjon i samspel
- Å arbeida med haldningar og verdiar som fremjar respekt og inkludering
- Å samarbeida med heimen og skulen for å støtte barnet si utvikling

Gjennom dette arbeidet skal SFO bidra til å byggja eit godt grunnlag for livsmeistring og vidare skulegang.

Vindafjord kommune har åtte ulike tilbod med og utan morgon SFO. Sjå nettside for meir info.

[SFO - Vindafjord kommune](#)

Gratis kjernetid for 1. - 3. klasse i SFO

Kunnskapsdepartementet har vedtatt endringar i forskrift til opplæringslova § 1B-4 om gratis kjernetid i skulefritidsordninga for elevar både på 1. og 3. årstrinn. Den nye forskriftsteksten er [\(PDF, 240 kB\)](#) (vedtatt i KS 007/25). [Informasjon om moderasjonsordning SFO Udir](#)

Føresetnadene for å gi eit tilbod, er minst fem påmeldte barn. Ferie SFO er lagt til Ølen og skjold skular. Barn med særskilde behov har etter Opplæringslova §4- 5 rett på eit SFO tilbod frå 1.-7. klasse, medan andre har rett på tilbod 1.-4. klasse.